



Notat

Dato: 15.05.2019
Arkivsak: 2017/15373-11
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring- og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Lokale til Bergen katedralskole avdeling Kyrre

Fylkesrådmannen viser til Rapporten «*Framtidig tilbod til elevar med psykiske vanskar*», som vart handsama i fylkesutvalet i sak PS 239/18 4.september 2018.

I rapporten vart det mellom anna anbefalt ei rekke tiltak retta mot elevgruppa med behov for ekstra tilrettelegging. Det vart mellom anna anbefalt at: «...framtidig tilbod bør utviklast vidare slik at

- elevane i målgruppa får tilbod innanfor alle programfag
- elevane i større grad får tilbod nærmare eigen bustad (ikkje geografisk avhengig av om du får tilbod) – tilbod for grupper ved fleire skular
- tilboda er sterkare knytt til dei vidaregåande skulane i HFK
 - der ein styrkar kompetanse og rammer for tilrettelegging og inkludering
 - der enkelte skular vert utvikla som «baseskular» (omgrepet er nytta i sak om oppretting og evaluering av psykologteamet)
 - der det vert organisert eit forpliktande samarbeid/nettverk mellom avdelingar/skulane som har spesielt tilrettelagte tilbod, og mellom skulane og skuleeigar. Samarbeidet skal sikre gode og fleksible tilbod for elevane etter lov og forskrift.»

Pr i dag er det avdeling Kyrre som står for hovuddelen av tilbodet til denne målgruppa. Lokala som avdeling Kyrre disponerer er nedslitne. Fylkesrådmannen har i lang tid sett etter nye eigna lokale. I mai i år vart det inngått avtale om leige av nye lokale i Åsegaarden i delar av Skyss sine noverande lokale. Avdeling Kyrre vil få tilpassa eit areal på om lag 700 m². Lokala skal vere klare til innflytting ved påsketider i 2020.

Leigekontrakten er inngått for 5 år med opsjon på 2+2 år. Dette vil sikre at avdeling Kyrre har hensiktsmessige lokale medan ein jobbar vidare med målsettinga om å gje elevar i målgruppa tilbod innan alle programfag og å knytte tilbodet tettare til dei vidaregåande skulane i fylket.